Fra: Per Rune Vereide [Per.Rune.Vereide@sfj.no]
Til: naering@stortinget.no [naering@stortinget.no]; finans@stortinget.no [finans@stortinget.no]; postmottak@lmd.dep.no [postmottak@lmd.dep.no]
Kopi: Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]; sogn.fjordane@bondelaget.no [sogn.fjordane@bondelaget.no]; leder.sognogfjordane@sauoggeit.no [leder.sognogfjordane@sauoggeit.no]; magnar.juklestad@enivest.net [magnar.juklestad@enivest.net]
Sendt: 09.03.2016 13:36:18
Emne: Fråsegn frå fylkesårsmøte i Senterpartiet
Vedlegg:

Frå
Fylkesårsmøtet i Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Til
Landbruks- og matdepartementet v/statsråden
Finanskomiteen og Næringskomiteen på Stortinget

Investeringsmidlar til landbruk i Sogn og Fjordane.

Senterpartiet i Sogn og Fjordane meiner at investeringsmidlane i landbruket må aukast kraftig i årets jordbruksoppgjer og haldast oppe i åra framover. Dei siste åra har det vore stor pågang på midlar til investeringar i landbruket. Mange driftsbygningar er moderniserte, men det er framleis eit stort etterslep, særleg på dei mindre bruka.

Geografien i våre område gjer det vanskeleg å drive rasjonelt då grasarealet er spreidd og tungdrive, med mykje transport av grovfór og gjødsel langs veg. I våre område er gjennomsnittleg storleik på mjølkebruka framleis under 20 kyr. For å sikre mjølkeproduksjon i heile landet, må ein prioritere midlar til støtteordningane som tar meir omsyn til ein slik bruksstruktur, framfor dei produksjonsdrivande tilskota.

Skal fylket oppretthalde sin del av produksjonen av kjøt og mjølk, må det leggast til rette for nyinvesteringar på mindre bruk slik at også desse kan ta i bruk nye teknologiske løysingar i fjøset og halde fram med produksjon også etter at kravet om lausdrift slår inn i 2024. Innretninga på investeringsstøtta må framleis avgjerast regionalt slik at ein kan nytte midlane på best mogleg vis ut i frå regionale omsyn og betre økonomien i byggeprosjekta. Slik kan vi halde på ein variert bruksstruktur som kan nyttiggjere seg av ressursane og arealet som finst i fylket.

For å sikre mjølkeproduksjon i heile landet, må ein prioritere midlar på støtteordningane som tar meir omsyn til geografi og bruksstruktur.

Kopi til:
Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane
Landbruksorganisasjonane i Sogn og Fjordane
Senterpartiets hovudorganisasjon og stortingsgruppe
Presse og media

Ha ein fin dag ☺

Med helsing
Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Per Rune Vereide
f-sekr.

Kontaktinfo:
Telefon – 9770 6884
E-post – prv@sp.no
Adresse – postboks 154 – 6821 Sandane

www.sp.no
www.sp.no/sfj